

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 27.01.2015

SAKSHANDSAMAR: **Jan-Erik Lorentzen**

SAKA GJELD: **Budsjett 2016 for Helse Vest RHF - administrasjonen**

ARKIVSAK: 2015/1416/

STYRESAK: **007/16**

STYREMØTE: **10.02. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek budsjett 2016 for administrasjonen til Helse Vest RHF.

Oppsummering

Forslaget til administrasjonsbudsjettet for 2016 blir lagt fram innan den kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 114/15 Inntektsfordeling og resultatkrav 2016. **Fakta** Styret i Helse Vest vedtok under styresak 114/15 Inntektsfordeling og resultatkrav 2016, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for RHF administrasjonen på kr 123,1 mill. inkl. lønns- og rekneskapscenteret (LRS).

Kommentarar

Administrerende direktør tilrår følgjande budsjetttramme for 2016:

Administrasjon	Beløp
Overført frå kjøp av helsetenester i 2015	119 848
Deflatorjustering (2,7 %)	3 236
Justert administrasjonsbudsjett 2016	123 084

Lønns- og personalkostnader

Helse Vest administrasjonen opprettheld nivået på omlag 58 årsverk også i 2016. Det er gjort fleire administrative justeringar som har hatt effekt i 2015 og vil ha effekt i 2016:

- Fire årsverk er overført frå administrasjonen til det nyetablerte Helse Vest innkjøp HF
- Assisterende fagdirektør er tilsett i fagavdelinga og vil starte opp den 1. mars.
- Ny rolle som styringsinformasjonskoordinator i økonomiavdelinga. Skal mellom anna sikre framdrift i alle utviklingsprosjekt gjennom tett oppfølging av bestillerar, prosjektdeltakarar og utviklarar. Vidare skal koordinatoren sikre god kommunikasjon og rolledeling mellom kunde (sjukehusa, føretak og RHF) og leverandør (Helse Vest IKT) og dermed bidra til raskare utviklingsløp og betre kvalitet i løysingane. Det skal takast i bruk gevinstvurderingar av funksjonalitet, og dermed sikre ein betre prioritering av utvikling av den funksjonaliteten som gir størst verdi.

I tillegg kjem tre årsverk som pr. nå er vakante:

- Stillinga som vise AD har stått vakant sidan årsskiftet 2009/2010. Tidlegare stillingsinnehavar hadde ein særskilt erfaring og kompetanse, var fungerande administrerende direktør i ferie og ved fråvær og var styremedlem i alle helseføretaka. Administrerende direktør legg til grunn at det vil kunne bli behov for å bemanne stillinga med kompetanse på verksemdstyring/forretningsutvikling, og det er ønskjeleg å behalde den fleksibilitet som ligg i å ha denne stillingsheimelen tilgjengeleg.
- Jurist i eigaravdelinga

- Systemeigar for konsolidert elektronisk pasientjournal og andre pasientretta regionale system. Arbeidsstad er lagt til fagavdelinga.

Etablering av tre nye regionale koordinatorroller i RHF-et finansiert av prosjektmidlar:

- LIBRA prosjektet. Koordinering mellom prosjekta i programmet samt lokal organisering. Støtte programleiinga og prosjektleierane med mellom anna oppfølging av statusrapportering, ressursallokering, møteplanlegging og programaktivitetar. Vil få ei sentral rolle med koordineringsoppgåver i innføringsløpa.
- Alle møter prosjektet – koordinering av prosjektaktivitet
- Strategisk kompetanse – styrking av området i HR avdelinga

Andre driftskostnader

Driftskostnadane er i hovudsak justert og omprioritert i høve til historisk forbruk i 2015.

Regionale felleløysingar

Det er i budsjettet tatt høgde for at ei rekke regionale felleløysingar som tidligare år blir dekt under budsjettet for reservar, fellestenester og finans og som kjem i tillegg til administrasjonsbudsjettet. Dette gjeld mellom anna midlar til:

- Regional datavarehussatsing
- Systemeigar/arkitekt ressursar
- Regional analysefunksjon
- Regional pasientreisekoordinator
- Tenester frå Helse Vest Innkjøp HF

Som følge av omorganisering innan innkjøpsområdet er det i 2016 føretatt ein administrativ budsjettjustering på kr 4,3 mill. frå denne posten og over til prosjektmidlar.

Prosjektmidlar

Det er i tillegg til administrasjonsbudsjettet budsjettert med kr 56,1 mill. til ulike regionale prosjekt. Dette er kr 4,3 mill. høgare enn nivået i 2015, jf. punktet over.

Lønns- og rekneskapsenteret

Lønns- og rekneskapsenteret (LRS) har auka sin aktivitet og har tilsvarande høgare inntekter. LRS har hatt 11 årsverk i 2015.

LRS FINANSIERING 2016	HV IKT	RHF	Apoteka	Nasjonal IKT	HV Innkjøp	SUM
Utfaktureras/budsjettforslag	2 900	4 982	3 900	150	800	12 732

Alle tall i heile tusen

Eventuell auka bemanning utover budsjett blir handtert gjennom auka inntekter.

Budsjettforslaget for administrasjonen er fordelt slik på enkeltpostar:

Budsjett for administrasjonen	2015	2016	Endring i %
(3) Sals- og driftsinntekter	-119 848	-123 084	2,7 %
(5) Lønnskostnad	70 217	72 188	2,8 %
(50) Lønn til tilsette	48 506	49 925	2,9 %
(52) Fordel i arbeidsforhold	5	5	0,0 %
(53) Annan oppgavepliktig godtgjersle	2 162	2 176	0,6 %
(54) Arbeidsgivaravgift og pensjonskostnad	16 574	17 058	2,9 %
(56) Kompetanse og rekruttering	924	944	2,2 %
(59) Annan personalkostnad	2 047	2 081	1,7 %
(6) Annan driftskostnad, av- og nedskrivning	39 324	38 465	-2,2 %
(60) Av- og nedskrivning	780	1259	61,4 %
(63) Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	6 055	6 350	4,9 %
(64) Leige mtu, maskinar, inventar o.l.	125	128	2,4 %
(65) Utstyr og driftsmaterialer som ikkje skal aktiveras	1110	1140	2,7 %
(66) Reparasjon, vedlikehald og service	10	82	720,0 %
(67) Eksterne tenester	25 709	24 462	-4,9 %
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	4 485	3 965	-11,6 %
(69) Telefon, porto o.l.	1 050	1 078	2,7 %
(7) Annan driftskostnad av-og nedskrivning	5 583	7 449	33,4 %
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	5 074	5 899	16,3 %
(73) Sals- og reklamekostnad	20	21	5,0 %
(74) Kontingent og gåver	105	116	10,5 %
(77) Anna kostnad	200	205	2,5 %
(79) Periodiseringskonto	0	1 208	
(9) Interne transaksjonar	4 724	4 982	5,5 %
RESULTAT	0	0	

Alle tall i heile tusen

Kommentarar til dei største endringane:

- Den marginale veksten i lønnskostnader utover ordinær lønnsvekt kjem i hovudsak av tekniske justeringar i løpet av 2015
- Dei andre endringane er i hovudsak justeringar mellom budsjettpostar for å fange opp faktisk kostnadsnivå frå 2015. Desse går mot kvarandre og påverkar ikkje budsjettet samla sett.
- Dei interne transaksjonane dekker tenester og kostnader ved Lønns- og rekneskapsenteret.